A wide-angle landscape photograph taken from a high mountain peak. In the foreground, a large, rustic stone cairn sits on the rocky summit. To its right, a green wooden signpost is partially visible, with a white sign that reads "RYSSDALSHORNET 1160 moh.". The middle ground shows a deep valley with a large, winding lake, a small town, and green fields. The background features a range of mountains, some with patches of snow, under a blue sky with scattered white clouds. A small bird is captured in flight in the upper left portion of the sky.

**Måndag 31. juli var vi som har vore mest involverte i handteringa tilbake på jobb, og der låg e-post frå statsforvaltaren ang. fugleinfluensa. Spørsmålet var om vi skulle hive oss rundt, eller om vi skulle sitje litt på gjerde, og vi valgte det siste.**



**Tysdag 1. august kl. 09.54** kom beskjeden om påvist fugleinfluensa til Kommunalsjef for Samfunn og Berekraft Torbjørn Brandsæter. Torbjørn organiserte arbeidet vidare.

- Vi laga ei prosedyre for innhenting av fugl, etter råd frå mattilsynet. Fekk på plass container og gule smittesekkar frå Retura Nomil, plasserte containeren på området til uteseksjonen.
- Organisasjonssjef Geir Liavåg Strand laga ei pressemelding, og la ut info på heimesida til Gloppen Kommune. Funn av døde, eller sjuke fuglar kan meldast inn til hovednummer Gloppen kommune, e-post eller på teknisk vakttelefon.

NRK - [KRIM OG HENDINGAR I VESTLAND 1. august 2023 kl. 11:20](#)

#### **Fugleinfluensa påvist i Gloppen**

*Gloppen kommune melder at det er påvist fugleinfluensa på ein fugl som vart funnen i Sandane sentrum i førre veke. Det kjem fram i ei pressemelding som vart sendt ut frå Gloppen kommune tysdag føremiddag. Kommunen har sett i verk tiltak for å samle inn døde fuglar for å forhindre smitte*

- Plukking av dei første fuglane tysdag 1. august kl. 13.35





- Torbjørn laga eit xl-ark som alle involverte kunne skrive i, og følgje med på utviklinga.
- Kommunalt tilsette på uteseksjonen fekk jobben med og fysisk hente inn død fugl. Leiar for uteseksjonen hadde tilgang til xl-skjemaet.
- Kl. 14.30 tysdag 1. august hadde vi eit møte i beredskapsleiinga, der alle fekk info om stoda og planen vidare.



- **Onsdag 2. august** hadde Trine Alme som er landbrukssjef ei ringerunde til alle større fjørfe/eggeprodusentar, og vi sende info på e-post til alle som er registrert med fjørfehold.
- Vi bestemte at vi tar ei plukkerunde kvar dag ca. kl. 13.30, og ikkje respondere på kvar enkelt fugl. Nokre fuglar tok vi likevel med ein gang om dei låg veldig eksponert for befolkninga.
- Fugl som var sjuke tok viltnemnda ta seg av!
  
- **Fredag 4. august** kl. 10.00 hadde vi møte i beredskapsleiinga i lag med mattilsynet og statsforvaltar om status og vegen vidare. Status var at vi plukka ca. 5 fuglar pr. dag, og vi hadde brukt viltnemnda tre gangar til avliving. Skulle vurdere om det skulle plukkast i helga.
- Torbjørn rapporterte dagleg til Mattilsynet om antall og type.
  
- **Måndag 21. august** bestilte vi henting av containaren, og vi reknar utbruddet som over..





# Oppsummering:

- Kommunen har ansvar for skada og død vilt.
- Raskt ut med info til befolkninga.
- Involverte beredskapsleiinga (varaordførar var den som tok seg av media)
- Ein fordel at vi fekk melding om skadd/død fugl direkte til kommunale telefonar.
- Mattilsynet har mykje god info.
- Viltnemnda var dei som skulle avlive.
- XL-ark over antall fugl som fleire hadde tilgang til.
- Var ca. 3-5 fuglar dagleg som vi plukka.
- Av ein bestand på ca. 250 måsar er 51 døde
- Etter 14. dagar var det meste over.

## Fugleinfluensa - utbrotet i Gloppen er over - nye varslingsrutinar

I starten av august fekk vi eit utbrot av fugleinfluensa i Gloppen, og vi sette i verk lokale varslings- og innsamlingsrutinar for å handtere sjuk og død fugl.

No har heldigvis tal varsel minka, og i samråd med Mattilsynet legg vi difor om på varslingsrutinane.

### Kva skal eg gjere om eg finn død eller skadd fugl?

Handter fuglen i tråd med råd og veiledning på [mattilsynet.no](https://mattilsynet.no)

Følg lenka til Mattilsynet sitt registreringsskjema, og fyll ut informasjon om funnet ditt.

[Gå til registreringsskjema ↗](#)

Du skal ikkje lenger varsle til Gloppen kommune som tidlegare!


### Treng du meir informasjon?

Mattilsynet har samla alt du treng vite på ein stad

[Gå til informasjon om fugleinfluensa ↗](#)

[Informasjon til deg som har høner ↗](#)





**Takk for meg**